



SEIM BYGG AS
NESBREKKA 28
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar: 516bcd53-e4ed-4d0e-86d6-a049f920a5ee

Vår: 21/6431 - 21/51057

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

21.07.2021

Utvida bruk av avkjørsle - ny bygning - gbnr 155/10 Monstad (Vollom)

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg for frådeling av bustadtomt frå gbnr 155/10 datert 08.07.21.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det er søkt om utvida bruk av avkjørsle mot kommunal veg kv1154 i samband med frådeling av tomt for einebustad.

Vurdering/drøfting:

Det skal søkjast frådeling frå gbnr 155/10 for oppføring av ny einebustad. Bustaden vil få avkjørsle via eksisterande privat veg/avkjørsle mot kommunal veg med fartsgrense 50km/t i samsvar med vegtrafikklova. Ut frå søknad og situasjonsplan vil huset liggje slik at det ikkje vil vere til hinder for sikt i avkjørsle. Vegbilete og vedlagt foto viser at det ikkje er sikthindringar for avkjørsle pr. i dag.

For fartsgrense 50 km/t er det krav om 4x45m sikt. Dette er ikkje teikna inn i situasjonsplan og vil bli sett som krav i løyvet.

Den kommunale vegen er smal, men har godt sideareal langs grøfta ved eigedomen. Det er viktig at sideareal vert oppretthalde med tanke på drift og vedlikehald. Det må difor ikkje plasserast hekk, gjerde, mur eller liknande langs eigedomen nærmare enn 2m frå vegkant.

Samandrag/konklusjon:

Utvida bruk av avkjørsle kan bli gitt for ei bustadeining.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Siktzone skal vere 4x45m, rekna frå kant kommunal veg. Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid heldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Hekk, gjerde, mur eller tilsvarande langs eigedomen mot kommunal veg må ikkje plasserast nærmare offentleg veg enn 2m.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkjørsle er å finne på kommunen si heimeside:

www.alver.kommune.no

Vedtaket gjeld avkjøringsløyve. Tiltaket kan vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avlöp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erling Rosnes Lurevegen 576 5912 SEIM

Mottakarar:

SEIM BYGG AS NESBREKKA 28 5912 SEIM